



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201305202-8	28.02.2017	20085/2017/S11	Johnny Loen, 71 28 02 43	19.04.2017

Halsa kommune - Sandåa kraftverk - søknad om konsesjon - vassressurslova - - fråsegn til høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Konsekvensutgreiingane er systematisk ordna og ser ut til å drøfte dei forhold som er relevante for fylkeskommunen. Vi har ikkje merknader og aksepterer med andre ord at grunnlaget for vedtak er til stades.

Når det gjeld gjennomføring av utbygginga har vi to merknader:

Automatisk freda kulturminne

Vi er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle området. Vi har soleis ingen spesielle merknader knytt til arealbruken. Vi ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og at ein melder i frå til oss dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, jf. § 8 i kulturminnelova.

Kulturminne frå nyare tid

Elvar og tilgang til reint vatn var utgangspunkt for mykje av busettinga og arealbruken heilt fram til nyare tid. Sjølv om det ikkje ligg hus langs elva, kan her vere andre tiltak som kloppar, tilrettelegging for tilkomst til vatnet eller andre strukturar som høyrde gardsdrifta til. Dersom ein møter på slike spor i samband med arbeidet bør tiltaka dokumenterast og registrerast, eventuelt ivaretakast saman med dei nye tiltaka.

Konklusjon

Vi har ikkje merkander til at det blir gitt konsesjon, men ber om at ein tek omsyn ved eventuelle funn av kulturminne.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Fagsaksbehandler

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Guro Dehli Sanden, tlf. 71 28 03 26

Kulturminne frå nyare tid: Rådgivar Toril Moltubak, tlf. 71 28 03 37

Kopi:

Halsa kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal